

# **KULTURNÆRINGSHAGE I VINJE?**

**Idear til ein kulturnæringshage**

Liv i Vinje

# INNHOLD

<b>1. INNLEIING.....</b>	<b>3</b>
Bakgrunn .....	3
Mandat .....	3
Om denne idéskissa.....	3
Kva har me til felles? .....	Feil! Bokmerke er ikke definert.
<b>2. Å ETABLERE SEG I VINJE .....</b>	<b>4</b>
Kva er viktige faktorar for å etablere seg i Vinje / Vest-Telemark (i følge oss); .....	4
Kva gjer ein arbeidsplass attraktiv? (i følge oss).....	4
Ufordinigar med å etablere næring på mindre stader .....	4
Næringshage som fagleg og sosial samlingsstad.....	5
Kvifor næringshage?.....	5
Kva gjer ein næringshage berekraftig? .....	5
<b>3. KULTURNÆRINGSHAGE .....</b>	<b>6</b>
Om kulturnæringane .....	6
Mål .....	7
Målgrupper.....	7
Moglege synergieffektar .....	9
Andre næringshagar i regionen.....	6
Konsept / idear .....	7
Innhald / rom .....	9
Lokalisering.....	9
Samarbeid og finansiering.....	10
<b>4. OPPSUMMERING / TILRÅDING.....</b>	<b>10</b>
Prosessens vidare (forstudie).....	11
Sukcessfaktorar .....	10

# **1. INNLEIING**

## **Bakgrunn**

Vinteren 2011 vart ei referansegruppe for næring etablert med personar som er knytt til Vinje på ulikt vis, men som bur andre stader. Gruppa har arbeidd på eiga hand med nokre oppfølgingsmøter med Ole Dalen frå VTNU. Seinare har Eivind Kaasin jobba vidare med ideane.

## **Mandat**

Referansegruppa vart gjeve fylgjande mandat frå styret i Liv i Vinje;

*"Vinje har det til felles med andre fjellbygder at mange utflytte ungdomar seier dei kan tenkje seg å flytte heimatt. Mange gjer det likevel ikkje (ØF-rapport nr.: 20/2008). Me ynskjer å leite etter svar som kan utløyse potensialet som ligg i denne draumen om å koma heim." (Ref. søknad til KRD 2010)*

## **Om denne idéskissa**

Referansegruppa vart invitert av Ole Dalen til å sette opp forretningsplaner for å etablere næringsverksemد i Vinje. Etter nærmare samtalar og drøftingar valde me sjå på mogleheitene for ein paraply / overbygning for ulike bedrifter innan kulturnæringerane. Denne skissa tek utgangspunkt i dette.

Referansegruppa var Anne Vesaas (fotograf og grafisk designar FineArt og magasinet Kunst), Hege Berge (grafisk designar Varner-gruppen, og eiga verksemd), Amund Søberg (elektrikar, prosjektleiar i Smart Elektro), Sigrid Vesaas, (sivilarkitekt), og Eivind Kaasin (informasjonsrådgjevar FolkOrg, altmoglegmann)..

Alle desse bur i Oslo, men er knytt til Vinje og Vest-Tekmark. Dei fleste har vore aktive i miljøet knytt til Bøgrend Autofest / Havresekken og fleire andre prosjekt og bedrifter. Alle er på ein eller annen måte aktive innan ei eller annan kulturnæring.

Dette er meint som ei skisse, der ein prøvar å legge fram nokre idear på korleis ein kan utvikle ein slik kulturnæringshage.

## 2. Å ETABLERE SEG I VINJE

Mange som har flytta ut frå bygda og regionen kjem på eit eller anna tidspunkt inn på tanken om å kome heim att, og etablere seg på heimstaden. Å etablere seg på ein ny stad gjev mange utfordringar, og ikkje minst mange moglegheiter. Her vil vi sjå på kva for faktorar som me meiner er viktig for å etablere seg, og kva for utfordringar som ventar.

### ***Kva er viktige faktorar for å etablere seg i Vinje / Vest-Telemark? (ifølge oss)***

- Rom for å skape ny næring
- Attraktive arbeidsplassar
- Variert tilbod av budstadtomter
- Tilgang til attraktive tomter / hus / småbruk
- Sosiale møteplassar / aktivitetar
- Folk / nettverk
- Familie
- Natur
- Høgfartsbane
- Økonomi
- Høve til å vera meir nyskapande i utforming av bygg / hus både i høve miljø og estetikk.
- Mottakkinga frå folk og institusjonar

### ***Kva gjer ein arbeidsplass attraktiv? (ifølge oss)***

I høve mandatet til gruppa og utgangspunktet for arbeidet, vil me vidare i denne idéskissa ta for oss dei punkta som går på arbeidsplassar og næring.

- Mogleitar og miljø for utvikling og innovasjon.
- Stå-på-vilje, engasjement og entusiasme.
- Fellesskap, gode kollegaer og samarbeid
- Ein stad det er trivelig å vera. Den fysiske utforminga er visuelt tiltalande.
- Overkommeleg husleige og driftskostnadar.
- Lokalisering / plassering.
- Forutsigbarhet, økonomisk, samarbeid
- God kaffe!

### ***Utfordringar med å etablere næring på mindre stader***

For mange vil det vera snakk om å etablere eiga verksemd dersom ein skal kome heim og / eller etablere seg i Vinje. Her har me sett på nokre fordelar og ulemper ved å etablere næring på mindre stader. Dette er litt avhengig av kva for næring du driv, men me har sett opp nokre punkt som kan vera aktuelle.

#### Fordelar

- ikkje så stor konkurranse om jobbane
- samhald / fellesskap (andre i liknande situasjon)
- lågare bu-utgifter
- lågare etableringskostnadar
- lågare driftskostnadar
- mogleg med meir areal/meir plass,

### Ulempar

- mindre kundegrunnlag (relativt)
- avstand / plassering
- større risiko
- mindre fagmiljø

### **Næringshage som fagleg og sosial samlingsstad**

Ved å byggje opp eit større totalmiljø med fleire små bedrifter vert det eit grunnlag for samarbeid og eit fagleg og sosialt miljø som er mindre avhengig av enkeltpersoner. Dessutan vil felles fysisk infrastruktur og samarbeid om f.eks. resepsjon, sentralbord og sekretærtenester vera med på å senke kostandane for kvar einskild.

Innan t.d. næringslivet er det i stor grad snakk om enkeltpersonsføretak eller mindre firma. I ein slik situasjon kan det vera nyttig ha ein stad der ein kan møte andre innan same bransje / arbeidsfelt, skape ein stad der det vert eit miljø for samarbeid, utvikling og idéskaping. Mange sit aleine på kontor, eller kanskje heime, og det ligg mange synergieffektar i samlokalisering og samarbeid.

### **Kvifor næringshage?**

- Utvikling, samarbeid, innovasjon og entreprenørskap.
- Moglegheiter for å bygge eit miljø og samarbeid.
- Viktig med kollegaer / fagfeller
- Sosialt
- Stordriftsfordelar

Ein slik plattform, paraply og overbygning kan gjera det attraktiv for andre å flytte heim til .

### **Kva gjer ein næringshage berekraftig?**

- Stabil finansiering og drift
- Eigenart og identitet i utforming og innhald. Eit tydelig konsept.
- Kvalitet og profesjonalitet i drift og innhald.
- Gode finansieringsmodellar for etableringar av næringar.
- Eit fleksibelt bygg som der ein kan gjera endringar etter behov
- Eit berekraftig og robust bygg, med fornuftig drift og vedlikehaldskostnad.
- Eit bygg som også kan gje inntekter, gjennom utleige m.m.
- Eit bygg som er fleksibelt, og kan ta opp i seg ulike aktivitetar. Dvs kan få fleire bein å stå på.

### Utfordringar:

- Skape stabilitet i drift og økonomi, etc.
- Kombinasjon av kortvarige og langvarige leigeavtaler. Finne balansen og dynamikken.
- Få inn aktørar og rett type aktørar. Viktig for å skape utvikling, samarbeid og nye prosjekt.
- Langvarig attraktivitet. (ut over etableringsfasa)
- Sikre drifta av huset. (Må ha ei stilling til dagleg leiar)

### **3. KULTURNÆRINGSHAGE**

Stadkjensla i Vinje er i stor grad knytt til rike kulturtradisjonar, men kan dette vera utgangspunkt for å skape noko nytt? Me trur ved å halde fram med tradisjonen å tenkje kvalitet og eigenart i det ein gjer, vil ein kunne få fram nye, innovative og spennande ting som vil bidra til å styrke eigenarten og syte for ein levande tradisjon. Me ønskjer her å lage ei skisse til ein kulturbasert næringshage, der aktørar frå kulturnæringane i kommunen, og utanfrå, kan samlast og drive sin aktivitet.

#### ***Om kulturnæringane***

I dette arbeidet er utgangspunktet oss sjølve og den bakgrunnen me har, kva som vil vera interessant for oss i høve til ein arbeidsplass. Ein fellesnemnar er at me alle jobbar meir eller mindre innanfor "kreative" yrker, innanfor dei såkalla kulturnæringane. Dette er også eit område som.

Østlandsforskning definerer kulturnæring på denne måten:

*Dei næringane som framstiller produkt der dei kommunikative eigenskapane er dei primære;*

- annonse- og reklameverksemد
- arkitektur
- bøker, aviser og blad
- design
- film, foto og video
- musikk
- utøvande kunst
- tv og radio
- bibliotek og museum

Rapporten "Kulturnæringens betydning for norsk økonomi" tinga av Nærings- og handelsdepartementet viser at på 10 år har talet på sysselsette i kulturnæringane auka med 50%. Og veksta er størst i distrikta. I 2009 skapa kulturbedriftene verdiar for 42 mrd. og utgjer 2,9% av BNP.

Kulturnæringar er generelt innovative, lærande og arbeidsintensive. Prosjektbasert nettverkssamarbeid synest å vere ei utbreidd arbeidsform for dei mindre bedriftene. Kreative klynger vert såleis skapte gjennom utvikling av gode nettverk. Mange kulturnæringar inngår som viktige innsatsfaktorar i andre næringar.

Ein sterk særeigen identitet er viktig for å lykkast med kulturnæring. Dette gjeld både for den enkelte bedifta, men også for utvikling av sjølve konseptet rundt næringshagen og sjølve staden. Ein må arbeide for å finne modellar der det innovative og nyskapande blir opprettheldt, samstundes som økonomisk bærekraftig drift blir ei utfordring for å lykkast.

#### ***Andre næringshagar i regionen***

I Vest-Telemark har det dei seinare åra vekse fram fleire næringshagar, eller idear om slike. Døme på dette er Faun i Fyresdal som har fokus på natur/skogbruk, og Vest-Telemark Næringshage i Kviteseid med fokus på teknologi / data. I Treungen er det også idear om ein slik næringshage knytt til teknologiverksemda Hitek.

Førebelts er det ingen kulturnæringshage i Vest-Telemark. Det nærmaste ein kjem er miljøet knytt til Dyrsku`n og festivalane i Seljord. Samstundes har Vinje og Vest-Telemark sterke tradisjonar innan kunst og kultur på ulike felt. Ein rik musikktradisjon, sterkt diktatradisjon og sentrale skikkelsar innan målarkunsten. Samstundes er handverk- og mattradisjonane sterke. Korleis kan ein ta med seg desse inn i framtida. Har me til dømes nytta potensialet som ligg i alt dette?

## **Mål**

Målet med ein eventuell kulturnæringshage vil vera å:

- Skape arbeidsplassar og lokale som er synlege, attraktive og levande i bygda og regionen.
- Skape eit fagmiljø for dei som jobbar innan kulturnæringane.
- Stimulere til gjensidig utveksling av kunnskap, kontaktar og erfaringar.
- Skape eit sosialt knutepunkt og ein møteplass for dei som driv innan kulturnæringane, og deira nettverk.

Skape eit senter i skjeringspunktet mellom ny kultur og tradisjon, med utveksling av idear, kunnskap og erfaring og utvikling av gründerar innan kulturnæringane.

## **Målgrupper**

Ein slik næringshage rettar seg mot produsentar og tenesteleverandørar innan kulturnæringane. Som t.d:

- Aktørar innan kulturnæringane i kommunen / regionen
- Aktørar som allereie held til i bygda og regionen
- Aktørar som ennå ikkje byr her, men som ynskjer å flytte hit.
- Kunstnarar, forfattarar osv.

## **Konsept / idear**

Næringshagen er tenkt å innehalde ulike bedrifter som arbeider har. Her er det stort sett enkeltpersonsføretak, andre små verksemder og kunstnarar som kan arbeide. Dersom ein i tillegg kan kople aktiviteten på staden opp mot andre idear og institusjonar som er tenkt i bygda, som til dømes Vinje Litteraturpark og ideen om eit Vinjesenter, kan ein få ei sterkt kopling av formidling og produksjon.

Ein styrke med ein slik stad kan vera at det òg kan vera aktivitet i bygget og på staden utanfor normal arbeidstid. Me vil her sjå nokre idear til både konsept og idear som kan fungere innan normal arbeidstid, men òg aktivitetar på kveldstid. Om ein får fleire generasjonar, og ulike type aktivitet inn i bygget, er det med på å skape liv i bygg og bygd, og det kan bli ein viktig arena for rekruttering.

### **- Opne kontorplassar / stikk-innom-kontor**

Næringshagen bør ha faste arbeidsplassar / kontor, men òg ha rom for å trekke inn andre i kortare periodar. Dette kan vere samarbeidspartnarar frå fjernt og nært. Personar og verksemder kan kome til næringshagen å arbeide i periodar, på prosjektbasis eller på visitt. Dersom ein skal få til dette, treng ein også nokre overnattingsplassar. Her er det viktig med eit godt samarbeid med andre aktørar i bygda / kommunen.

### **- Stipendordning for kunstnarar**

Her er det ein idé at ein kan få til ei stipendordning for kunstnarar / forfattarar m.m. Olav Nordstoga / Vinje Litteraturpark har også nokre tankar om dette. Skien kommune, gjennom prosjektet «Kunstnerbyen Skien» og kunstnarhuset «Sprit», har eit slikt stipend. Stipendet inneholder eit økonomisk tilskot, men også fri bruk av eit hus / leilegheit i eitt år.

Ein kan også sjå for seg ei utvekslingsordning med kunstnarar frå ulike kommunar. Ein kan gå inn i eit samarbeid med til dømes Oslo kommune, der tidlegare nemnde stipendordning vert eit gjeve til ein kunstnar utafrå. Oslo kommune kan då tilby det same for ein kunstnar frå Vinje kommune, eller

regionen. Dette er noko som vil kunne gje eit tilskot til bygda og kommunen, men også noko som kan gje merksemeld gjennom t.d. utstilling kvart år.

- **Kulturinkubator / dagleg leiar**

Ein har tilsvarende funksjon for matproduksjon i Vest-Telemark, gjennom Dyrsku'n. Inkubatoren kan hjelpe fram kulturverksemder og kunstnarar i regionen. I tillegg kunne denne funksjonen vore ein møteplass og kopling mellom det frivillige, profesjonelle, det kommunale og fylkeskommunale kulturarbeidet i fylket / regionen. Ein funksjon for samordning, samarbeid og erfaringsutveksling innan kulturlivet. Ein kulturlivsmeklar på sett og vis. Gjennom ein slik funksjon vil ein kunne få mykje gjennomtrekk av aktørar og folk inn i kulturnæringshagen.

- **Relokalisering for kulturskulen i Vinje**

Etablere eigne lokaler for kulturskulen, og kanskje også kulturetaten i kommunen kunne vore stasjonert i ein kulturnæringshage. Det ville vore eit stort tilskot til staden og miljøet, og kunne vore med å skape mykje aktivitet og liv på kveldstid. Her kunne ein fått eit godt samspele med anna aktivitet på staden, og ein tett kontakt og dialog. Dette er sjølvsagt avhengig at dette i det heile tatt let seg gjere.

- **Kulturlandsby (sjå eige vedlegg)**

Ei vekes opphold for alle elevar i ungdomsskulen i Telemark. Ei veke der elevane skal bli kjend med, og sjølv formidle og skape prosjekt knytt til og basert på kulturen i Telemark. Dette er eit omfattande prosjekt, men det kunne vore ein måte å styrke formidlinga av tradisjonar inn mot nye generasjonar. Eit slikt prosjekt er ambisiøst, og krev eitt breitt samarbeid mellom svært mange aktørar og organisasjonar i fylket, regionen og i kommunen.

- **Utleige av møterom / konferanse / pre-produksjon**

Her kan ein få til samarbeidsavtaler med næringsliv, kommune og andre om leige av møterom- og andre lokaler til særskilte høve. Ein kan få det til slik at dette vert ein god arena for t.d. å gjøre workshops, startegiseminar eller liknande. Dette krev eit godt samarbeid med andre aktørar i område i høve levering av mat, overnatting osv.

## Andre liknande prosjekt

- **Spriten / Kunstnerbyen (Skien)**

Spriten er eit atelierfellesskap og ein kunsthall som ligg på ein nedlagt spritfabrikk på Klosterøya i Skien. Denne staden vert drifta av Skien kommune, og er ein del av Skien kommune si satsing Kunstnerbyen Skien. Skien kommune delar også ut eit kunstnerstipend på 150.000,- kr og 12 månaders opphold i Skien med fri bustad og verkstad.

<http://www.spriten.no/>

- **Mesh (Oslo)**

Drop-in-kontor og innovasjonshus i Oslo. Her kan ein leige seg inn på kontorplassar i kortare og lengre periodar. Her vert det også arrangert seminar, workshops og andre arrangement og hendingar.

<http://meshnorway.com/>

- **Tindved kulturnæringshage (Verdal)**

Denne næringshagen har kopla saman mange ulike verksemder innan kulturnæringsane inn i ein felles næringshage, der også kulturetat og kulturskule er lokalisiert. Kommunen er den største eigaren av denne næringshagen. I tillegg er det regionale næringslivet sterkt inne på eigarsida.

<http://tindved.no/bedrift-type/bedrifter-i-naeringshagen>

## ***Innhald / rom***

Her har me utarbeida nokre tankar om korleis ein slik næringshage kan byggast opp, og kva den kan innehalde av type funksjonar og rom. Korleis ein slik næringshage vert bygd opp, er avhengig av kva type aktivitet som staden inneheld. Dersom noko av aktivitetene vert retta mot publikum, kjøparar, må ein tilpasse lokala etter dette.

### **Næringslokar / kontor / verkstad**

- Kontorfellesskap
- Cellekontor
- Verkstad / atelier / studio
- Møterom
- Prosjektrrom
- Stillerom
- Arkiv / lager

### **Fellesareal**

- Fellesområde
- Uformell møteplass
- Kjøkken / lunsjstad

### **Offentleg del**

- Scenen (Konsertar, teater og andre arrangement)
- Øvingslokale
- Utstillingar / Showrom
- Kino
- Anna utleige

### **Uteområde**

- Ein stad folk vil stoppe opp eller køyre forbi?
- Kor publikums- / utadretta skal ein vera?

## ***Lokalisering***

Ein er ikkje kome så langt at det har vore konkrete planar om lokalisering. Ein kan sjå moglegheitene for å bruke eksisterande bygg, eller ein kan vurdere å bygge nytt. Kostnadane ved eit nybygg er store, og ein bør difor sjå på om det er mogleg å nytte eksisterande bygg.

## ***Moglege synergieffektar***

Ein slik næringshage kan ha fleire positive effektar på fleire område i kommunen, bygda og regionen.

- Næringsutvikling og nyskaping
- Fleire flyttar heim, og talet på innbyggjarar aukar
- Ressurspersonar med kompetanse til bygda og regionen.
- Inspirasjonskjelde (for utvikling av nye liknande prosjekt)
- Meirsal / meirverdi hjå andre aktørar i bygda
- Supplement av tilbod

## **Samarbeid og finansiering**

Om ein skal få næringshagen til å bli attraktiv er det viktig å skape ein brei plattform.

- Frivillige lag og organisasjonar i bygda, kommunen og regionen.
- Overnattingsstader / matkultur
- Kulturlivet i regionen.
- Næringslivet i regionen.
- Etablerarkontor / kulturkontor / næringskontor i Vest-Telemark.
- Næringshagen i Kviteseid og Fyresdal.
- Spriten (Skien) og Kunsthallen i Porsgrunn.

## **Finansiering**

- Vinje kommune
- Innovasjon Norge
- Telemark Utviklingsfond (TUF)
- Telemark Fylkeskommune
- Vest-Telemark Næringsbygg
- Siva næringshage
- Kommunal og regionaldepartementet
- Andre moglege tilskotsordningar: Norsk kulturråd, Musikkutstyrssordningen (MUO),
- Sponsorar / medeigarar

## **4. OPPSUMMERING / TILRÅDING**

Denne idéskissa er meint som idear knytt til utvikling av arbeidsplassar og kontorfellesskap innan kulturnæringer i Vest-Telemark.

Dersom ein klarer å samordne idear, prosjekt, institusjonar og i kommunen under eitt tak vil ein kunne få eit sterkt miljø som kan bidra til å styrke Vinje som kulturmommune, skape nye produksjonar og bedrifter, samt verke inspirerande på nye generasjonar.

## **Suksessfaktorar**

- Få folk til å etablere eiga bedrift, eller bedrift saman.
- Gode og berekraftige bedrifter.
- Engasjement og stå-på-vilje
- Vilje frå kommune, fylket og andre til å få dette til.
- Innovasjon og idéverksemd. Nye, gode prosjekt vert gjennomført.
- Eit stort nettverk, og med eit stort kunde- og marknadsgrunnlag.
- Evne til å drifte og gjennomføre.

## **Prosessen vidare**

- Kartlegge aktørar innan kulturnæringane, og ynskjer og behov hjå desse. Er det grunnlag, interesse og lyst til å få det til?
- Avgrensing: Er det realistisk å få til ein kulturnæringshage, eller bør ein vurdere å utvide konseptet til å omfatte fleire typar næring? Skal ein gjere forsøk på å utvikle næring knytt til reisande over fjellet?
- Lokalisering. Eksisterande bygg eller nybygg. Kva for tilstand er bygga i, kva for utbetringar må gjerast.?
- Greie ut ulike driftsmodellar. Budsjett, drift og finansiering.
- Kartlegge moglege samarbeidspartnarar og finansiering

## **VEDLEGG:**

- Prosjektskildring "Kulturlandsby"
- Kontaktliste over – (Eit utgangspunkt for eit kulturnettverk i Vest-Telemark)